



Bo Arkitekter As
Postboks 53 Fantoft
5899 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/163 - 17/8812

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

17.03.2017

Løyve til bruk av nabotomt for tilkomst og utføring av arbeid - gbnr 188/757 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Stolz AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Tiltak

Saka gjeld grunnarbeider i høve til oppføring av Knarvik terrasse på gbnr 188/757. Det er utarbeida einrapport frå Multiconsult på massane i grunnen. I denne er det konkludert med at fjerning av masser opp mot nabotomt gbnr 188/642 kun kan foregå ved kontrollert fjerning i form av rørsputing mellom eigedomsgrensa.

Ansvarleg søkjar har vurdert tilgang til eigedomsgrensa for å starta opp arbeid, og det blir søkt om tilkomst til parkeringsplass på gbnr 188/642 for å kunne utføre sikringstiltak.

Tiltak på nabogrunn

Kommunen kan gje løyve til bruk av nabogrunn i naudsynt utstrekning for utføring av byggje- og vedlikehaldsarbeid, herunder adkomst, når arbeidet anten ikkje lar seg utføre på anna måte, eller andre løysingar etter kommunens skjønn vil medføre vesentlege kostnader.

Det er av ansvarleg søkjar framlagt ei risikovurdering kring de massane som ligg langs grensa mellom gbnr 188/757 og bnr 642. Det er i denne konkludert med ei risiko for utrasing av grunnmassane under bnr 642 dersom terrengarbeidet ikkje vert utført med naudsynt sikringsarbeid.

Kommunen legg Multiconsult sin rapport til grunn, og har ikkje merknader til denne.

Vi gjer samstunders merksem på at ansvarleg tiltak står ansvarleg ved eventuelle skader eller ulemper dette medfører for eigar av grunnen.

Vidare gjer vi merksem på at dette løyve ikkje er ei avgjerd av ansvar knytt til desse massane, da dette er privatrettslege forhold.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 vert det gjeve løyve til utføring av røyrspunting og naudsynte tiltak knytt til sikring av massane mellom grensa til bnr 757 og bnr 642 på følgjande vilkår:

1. Det skal sendast inn dokumentasjon på ferdig utfør arbeid.

Med heimel i plan- og bygningslova § 28-3 vert det gjeve løyve til adkomst og naudsynt bruk av gbnr 188/642 for utførelse av sikringsarbeid og terrenghandtering. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

- *Dette løyve er begrensa til å gjelde naudsynt sikringsarbeid og terrenghandtering av skildra masser langs grensa mellom bnr 757 og bnr 642*

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/163.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bo Arkitekter AS	PB 53 Fantoft	5899	BERGEN
Robert Fredheim	Kvassnesvegen 63	5914	ISDALSTØ
Sameiet Knarvik Terrasse	Kvassnesvegen 55	5914	ISDALSTØ
Stoltz Bolig AS	Damsgårdsveien 145	5160	LAKSEVÅG

Mottakarar:

Bo Arkitekter As	Postboks 53 Fantoft	5899	BERGEN
------------------	------------------------	------	--------